



Voss herad

# VOSZA BARNEHAGEN

BYGD FOR ALLE

## Psykososialt barnehagemiljø

Lov om barnehager kap. VIII, §§ 41, 42 og 43





## Innhald

Innleiing.....	2
Definisjonar på krenkande åtferd og handlingar .....	2
Krav til nulltoleranse og til å arbeide førebyggjande .....	3
Kompetanseheving .....	3
Forventningar til tilsette i barnehage.....	4
Aktivitetsplikta .....	4
Følgje med og fange opp .....	5
Gripe inn .....	5
Varsle .....	5
Undersøke .....	5
Sette i verk tiltak og evaluere .....	5
Verktøy og indikatorar – å måle eit trygt og godt barnehagemiljø .....	6
§ 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenkar eit barn .....	7
Lov om barnehager §§ 3. 41. 42. og 43.....	8
MAL-Aktivitetsplikt.....	10
MAL-Aktivitetsplikt.....	13



## Innleiing

Frå 1. januar 2021 er det i barnehagelova eit nytt kapittel; Kapittel VIII *Psykososialt barnehagemiljø*.

I det nye kapitlet er det lovfesta at barnehagen skal ha nulltoleranse for utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Barnehagen skal jobba førebyggjande ved å kontinuerleg arbeida for å fremja helse, trivsel, leik og læring for barna. Det er også lovfesta at barnehagetilsette skal gripe inn og varsle dersom ein opplever barn som ikkje har det trygt og godt. Vidare vert det pålagt **aktivitetsplikt**. Del vil sei å undersøkje samt å laga ein skriftleg plan, dersom eit barn eller foreldra seier barnet ikkje har det trygt og godt. Merk dykk også den **skjerpa aktivitetsplikta** som omhandlar barn som vert utsett for krenkingar av tilsette i barnehagen. Departementet viser til at latterleggjering av barna eller å ikkje opptre respektfullt i til dømes i stellesituasjonar er døme på krenkingar som ikkje skal finne stad. Vidare vert det presisert at tilsette har makt- og tillitsposisjon ovanfor barna i barnehagen, og ein krenking ville vere eit grovt brot på tilliten og uakseptabel åtferd frå den tilsette.

## Definisjonar på krenkande åtferd og handlingar

<b>Krenkande åtferd</b>	Er eit fellesomgrep på alle former for åtferd som uoverlagt eller tilsikta rammar andre menneske fysisk eller psykisk. Krenkande åtferd kan vere ei enkelthandling eller gjentekne hendingar.
<b>Mobbing</b>	Er gjenteken negativ eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot eit barn. Gjenteken erting på ubehageleg og sårande måte er og mobbing.
<b>Utestenging</b>	Tyder at nokon vert helde utanfor ei barnegruppe eller på ein avdeling.
<b>Vald</b>	Inneber at nokon brukar fysisk makt for å skade andre.
<b>Rasisme</b>	Inneber at nokon blir forskjellsbehandla eller plaga, til dømes fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.
<b>Diskriminering</b>	Tyder at ein person vert dårlegare behandla eller trakassert på grunn av kjønn, funksjonsevne, tru, hudfarge eller bakgrunn.
<b>Krenkande åtferd er <u>ikkje</u></b>	Å handheve barnehagen sine reglar/ ordensreglement eller korrigere uønskt eller farleg åtferd på ein adekvat måte



## Krav til nulltoleranse og til å arbeide førebyggjande

I Voss herad sine barnehagar er det nulltoleranse for mobbing og ein skal jobba førebyggjande ved å kontinuerleg arbeida for å fremja helse, trivsel, leik og læring for barna, jf. Lov om barnehager § 41.

I Voss herad nyttar ein barnehage-zero som verktøy for å førebygge og stanse mobbing.

Departementet viser til Rammepan for barnehage som stiller krav til kva personalet i barnehagen skal gjera for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø.

- Støtte barns initiativ til samspel og bidra til at alle kan frå leike med andre, oppleve vennskap samt lære å behalde vennskap
- Samtale om normer for samhandling og invitere barn til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- Støtte barna i å kunne ta andre sitt perspektiv. Sjå ein sak frå ulike synsvinklar å kunne reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og kunne finne løysingar i konfliktsituasjonar
- Førebygge, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelsar og uheldige samspelsmønster

## Kompetanseheving

Ingrid Lund seier at arbeidet i barnehagen må byggje på tre ting, *haldningar, kunnskap og handlingar*.

For å sikre at dei tilsette i Vossabarnehagane har kunnskap til å kunne arbeide for eit trygt og god psykososialt barnehagemiljø har Voss herad dette som eit satsingsområde i barnehagen for dei neste 3 år.

Gjennom dei neste åra skal ein følgje Udir. sin kompetansepakke, Trygt og godt barnehagemiljø.

Kompetansepakken er delt opp i 7 ulike modular, med følgjande tema:

- Modul 1: Psykososialt barnehagemiljø
- Modul 2: Følgje med, fange opp og undersøke
- Modul 3: Tiltak for å fremje, førebygge og handtere
- Modul 4: Skriftleg plan
- Modul 5: Fellesskapane aktivitetar
- Modul 6: Barn si utvikling
- Modul 7: System og kontinuitet




## Forventningar til tilsette i barnehage

Det vert alle reie jobba godt i barnehagane for å sikre at alle barn eit trygt og godt barnehagemiljø.

Det vert tatt tak i bekymringar i ein tidleg fase og tiltak vert sett i verk.

Som tilsett i ein av Vossabarnehagane i herad vert det forventa at du jobbar for å sikre gode og trygge barnehagekvardagar for dei barna du møter.

- Du møter barn som ein autoritativ vaksen. Du viser varme og omsorg samstundes som du viser at du har kontroll over situasjonen.
- Du følgjer med på korleis barna i barnehagen har det, du grip inn om du ser eit barn som ikkje har det trygt og godt, og du varslar ved bekymring (tenesteveg vert nytta).
- Du har kunnskap om korleis møte barn som strevar gjennom opplæring med RVTS-Vest, kunnskap om toleransevindauge og veit kvar du kan finne meir informasjon.
- Du kjenner Barnehage-zero og korleis nytte dette som eit verktøy for å arbeide førebyggjande eller stoppe mobbing i barnehagen
- Du deltek aktivt i barnehagen sitt arbeid med kompetansepakka i regi av Udir.



## Aktivitetsplikta

Alle tilsette i Voss herad sine barnehagar skal følgje med på om barna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Dersom ein tilsett får kjennskap til, eller oppdagar at eit barn ikkje har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, har ein **aktivitetsplikt** etter Lov om barnehager § 4



### Følgje med og fange opp

Arbeidet med å førebyggja krenkingar er viktig i for å kunne gje barna eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Ved at alle tilsette er oppmerksame og følgjer med, kan ein fange opp krenkingar i ein tidleg faste og i beste fall kunne førebyggje ytterlegare krenkande åtferd.

### Gripe inn

Alle tilsette skal gripe inn og stoppe ein situasjon der eit barn vert utsett for krenking.

### Varsle

Den tilsette som opplever, eller får mistanke om at eit barn ikkje har heit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø skal varsle styrar i barnehagen. Ved særleg alvorlege tilfelle eller der eit barn vert utsett for krenkande handlingar frå ein tilsett skal barnehageeigar varslast.

### Undersøke

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarast undersøke saka.

### Sette i verk tiltak og evaluere

Når eit barn eller forelderen seier at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen etter å ha undersøkt saka sette i verk eigna tiltak, for å gje barnet ein trygg og god barnehagekvardag. Tiltaka skal gjerast ut frå ein fagleg vurdering og skal skriftleggjerast aktivitetsplan(sjå mal frå Voss herad). Planen skal også innehalde informasjon om kven som har ansvar for dei ulike tiltaka, kor lenge tiltaka skal vare og når tiltaka skal evaluerast.

Tiltaka kan rette seg både mot den som vert mobba eller krenka, men også mot den eller dei som utøver mobbing eller den krenkande åtferda. Dei ulike tiltaka som barnehagen vel å setje inn kan ulikt omfang i tid. Dersom tiltaka i ei konkret sak gjeld fleire barn er det viktig å ivareta teieplikta.

Kommunalavdeling oppvekst har laga ein mal som skal nyttast i dersom barnehagen får saker som omhandlar mobbing eller psykososialt barnehagemiljø. I malen er det tatt utgangspunkt i lovteksten og dei føringar som ligg i denne lovendringa.

All skriftleg dokumentasjon, undersøkingar, evalueringar og liknande skal oppbevarast i barnemappa.



### Verktøy og indikatorar – å måle eit trygt og godt barnehagemiljø

Å måle kor vidt ein har eit trygt og god barnehagemiljø kan vere vanskeleg. Under ser de «måleverktøy» og indikatorar ein kan nytta for å sei at ein har eit trygt og god barnehagemiljø.

#### Verktøy

- Brukarundersøking
- Barnemøte
- Zero
- Kari Pape, relasjonsskjema
- Foreldresamtalar
- Barns trivsel
- Ståstadsanalysen

#### Indikatorar

- Brukarundersøkinga kvart 2. år. Dette vil gje oss indikatorar på kor vidt me har trygge og gode barnehagemiljø i Voss herad. Eit snitt på mellom 4,5 og 5 på områda *Barns trivsel*, *Barns utvikling* og *Relasjon barn – vaksen* vurderer ein som indikatorar på at barna har det godt i barnehagen.
- Tilsette gjennomfører delar av ståstadsanalysen til Udir, om *Vennskap og fellesskap* kvart 2. år
- Tal saker i den einskilde barnehage vil også gje indikasjonar i høve til det psykososiale miljøet i barnehagen.
- Det er gode relasjonar mellom barn og dei tilsette i barnehagen
- Barn som er i positiv utvikling
- Barnet viser trivsel i barnehagen



## § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenkar eit barn

		Ansvar	Forslag til dokumentasjon	✓
V A R S L E	Stoppe krenkinga	Alle		
	Ved kjennskap til, eller mistanke om at ein tilsett krenkar eit barn skal ein melda frå til styrar straks.	Alle	Notat, sjå mal	
	Styrar skal melde frå om saka til barnehageeigar	Styrar	Det skal skrivast eit notat frå samtalen	
	Dersom tilsett frå kjennskap til, eller mistanke om at styrar krenkar eit barn skal dei melde frå til barnehageeigar straks.	Alle	Notat, sjå mal	
U N D E R S Ø K E	Undersøking: Ha samtale med den tilsette for å undersøke saka og få informasjon	Styrar	Notat, sjå mal	
	Undersøking: Samtale med barnet som vert krenka for å gje trøyst og støtte samt få informasjon om hendinga. Barnehagen skal legge til rette for at ein i størst mogleg utstrekning får tak i barnet si subjektive oppleving av hendinga.	Styrar/ pedagogisk leiar	Notat, sjå mal	
	Samtal med foreldra til barnet. Barnehagen skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldra i høve tiltak som vert sett inn.	Styrar/ pedagogisk leiar	Notat, sjå mal	
	Vurdering av kva tiltak som vert sett inn skal gjerast i samarbeid med barnehageeigar evt. HR-avdelinga	Styrar/ barnehageeigar	Det skal skrivast eit notat frå samtalen	
	Ved lovbrøt (til dømes vald eller seksuelle overgrep) skal forholdet meldt til politiet.	Styrar/ barnehageeigar		
T I L T A K	Utarbeide tiltaksplan på bakgrunn av informasjonen som er innhenta	Styrar/ barnehageeigar	Sjå mal	
	Samtale med foreldra der heile eller delar av tiltaksplanen vert presentert (dersom det er oppretta ei personalsak gjeld teieplikta dei tiltaka som omhandlar arbeidsrettslege tilhøve).		Notat, sjå mal	
	Oppfølgingsamtale med barnet	Styrar/ pedagogisk leiar	Notat, sjå mal	
	Oppfølgingsamtale med tilsett	Styrar	Notat, sjå mal	
	Oppfølgingsmøte med den tilsette, der ein vurderer tiltaka	Styrar/ barnehageeigar	Notat, sjå mal	

Ved lovbrøt vert arbeidsforholdet vurdert i høve gjeldande lover og rutinar i samarbeid med barnehageeigar og HR-avdelinga.





## Lov om barnehager §§ 3. 41. 42. og 43.

### § 3. Barns rett til medvirkning

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv.*

*Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.*

*Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*

*I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.*

### § 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.*

*Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

### § 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*

*Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.*

*Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå*

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c) når tiltakene skal gjennomføres*
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene*



e) når tiltakene skal evalueres.

**§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn**

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.*

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.*

*Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.*

Kommunalavdeling oppvekst  
Januar 2021

- Revidert 17.11.2022



### MAL-Aktivitetsplikt

jf. Lov om barnehager § 42

<b>Barn</b>					
<b>Varsla av</b>		<b>Varsla til</b>		<b>Dato</b>	
<b>Varsla styrar</b>	(dato)				

Kva har skjedd?

--

				Ansvarleg
Er varselet undersøkt?	Ja		Nei	
Er det behov for meir undersøking?	Ja		Nei	
Har det vert kontakt med føresette?	Ja		Nei	

Kva kom fram av undersøkinga?

--



## Aktivitetsplan

<b>Barn</b>	
-------------	--

<b>Kva problem skal løysast?</b>	
<b>Kva tiltak skal setjast i verk i barnehagen?</b>	
<b>Når skal tiltaka gjennomførast?</b>	
<b>Kven har ansvar for å gjennomføre tiltaka?</b>	
<b>Når skal tiltaka evaluerast?</b>	

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
Pedagogisk leiar

\_\_\_\_\_  
Foreldre/ føresette

\_\_\_\_\_  
Styrar



### Evaluering av tiltak i aktivitetsplanen

Evaluerte tiltak	Ansvarleg

Kan saka avsluttast?

Ja

Nei

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
Pedagogisk leiar

\_\_\_\_\_  
Foreldre/ føresette

\_\_\_\_\_  
Styrar



### MAL-Aktivitetsplikt

jf. § 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom som arbeider i barnehagen, krenker et barn

<b>Barnet det gjeld</b>			
<b>Tilsett det gjeld</b>			
<b>Varsla styrar</b>	(dato)	<b>Styrar vart varsla av</b>	
<b>Varsla barnehageeigar</b>	(dato)		

#### Varsling

(Beskriv hendinga)

Er varselet undersøkt? (Gjer greie for evt. funn)

#### Samtale med den tilsette

**Dato:**

**Til stades:**

(Notat frå samtalen)

\_\_\_\_\_

Sign

\_\_\_\_\_

Sign

\_\_\_\_\_

sign

**Dato:**

**Til stades:**

**Oppfølgingssamtale med den tilsette** (Notat frå samtalen)

\_\_\_\_\_

Sign

\_\_\_\_\_

Sign

\_\_\_\_\_

sign

#### Samtale med barnet

**Dato:**

**Til stades:**

(Notat frå samtalen)

\_\_\_\_\_

sign

**Dato:**

**Til stades:**



Voss herad

**Oppfølgingssamtale med barnet** (*Notat frå samtalen*)

\_\_\_\_\_  
Sign

**Samtale med foreldra**

**Dato:**

**Til stades:**

*(Notat frå samtalen)*

**Dato:**

**Til stades:**

**Oppfølgingssamtale med foreldra** (*Notat frå samtalen og gjennomgang av delar eller heile tiltaksplanen*)



## Aktivitetsplan

<b>Barnet</b>	
<b>Tilsett</b>	

<b>Kva problem skal løysast?</b>	
<b>Kva tiltak skal setjast i verk i barnehagen?</b>	
<b>Når skal tiltaka gjennomførast?</b>	
<b>Kven har ansvar for å gjennomføre tiltaka?</b>	
<b>Når skal tiltaka evaluerast?</b>	

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
barnehageeigar

\_\_\_\_\_  
tilsett

\_\_\_\_\_  
styrar





### Evaluering av tiltak i aktivitetsplanen

Evaluerte tiltak	Ansvarleg	Utført

Kan saka avsluttast?

Ja

Nei

\_\_\_\_\_  
Stad og dato

\_\_\_\_\_  
tilsett

\_\_\_\_\_  
barnehageeigar

\_\_\_\_\_  
styrar